

TILSYNS- RAPPORT

Høgskulen i Volda

Periodisk tilsyn med systematisk kvalitetsarbeid

2022



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUTs overordna mandat, myndigheit og faglege sjølvstende er spesifisert i universitets- og høgskolelova. I tillegg til fagleg uavhengige oppgåver skildra i lover og forskrifter har NOKUT ordinære forvaltningsoppgåver delegert frå departementet.



NOKUTs føremål er å sikre og fremje kvalitet i utdanning ved

- å føre tilsyn med, informere om og bidra til å utvikle kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning
- å godkjenne og informere om utanlandsk utdanning og informere om utsiktene for godkjenning av utanlandsk utdanning og kompetanse i Noreg



Arbeidet NOKUT gjer, skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten på norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og godkjend utanlandsk utdanning..



NOKUT brukar sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar, godkjenning av utanlandsk utdanning og prosjekt.

Du kan lese meir om arbeidet vårt på nokut.no.



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

Institusjon	Høgskulen i Volda
Sakkunnige	Tomas Sundnes Drønen, Jeppe Emmersen, Janicke L. Rasmussen, Margrete Mork Müller
Dato for vedtak	21.04.2022
NOKUTs saksnummer	19/08610

Føreord

NOKUT sitt formål er å sikre og fremje kvalitet i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Eit av verkemidla som NOKUT nyttar i dette arbeidet, er å føre tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved institusjonane. Alle norske universitet og høgskular skal ha tilfredsstillande interne system for kvalitetssikring av utdanningane. Det skal ikkje gå meir enn åtte år mellom kvart tilsyn.

Denne tilsynsrapporten inneheld innstillinga frå den sakkunnige komiteen (kapittel 1–6) og Høgskulen i Volda si fråsegn til innstillinga (kapittel 7). Desse dokumenta danna grunnlaget for behandlinga i NOKUT sitt styre 21. april 2022.

Den sakkunnige komiteen som har vurdert det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda, har hatt følgjande samansetjing:

- Tomas Sundnes Drønen, dekan ved VID vitenskapelige høgskole (komitéleder)
- Janicke L. Rasmussen, Dean Master ved Handelshøyskolen BI
- Jeppe Emmersen, prodekan for utdanning ved Aalborg Universitet
- Margrete Mork Müller, student ved Universitetet i Bergen

I 2021 vurderte den sakkunnige komiteen det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda basert på skriftleg dokumentasjon frå høgskulen og besøk ved institusjonen 2.–4. november 2020. Komiteen leverte si opphavlege innstilling 12. februar 2021. NOKUT sitt styre handsama saka 22. april 2021, og følgjande vedtak vart fatta:

Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda har enkelte manglar. Høgskulen i Volda må rette opp manglane påpekt i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2). Frist for oppretting er 31. desember 2021.

På bakgrunn av dokumentasjon på oppretting frå 21. desember 2021 gjorde den sakkunnige komiteen ei ny vurdering. NOKUT sitt styre fatta 21. april 2022 følgjande vedtak:

Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda er tilfredsstillande. Alle krava i universitets- og høgskulelova §§ 1-6 og 4-3 (4), studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og studietilsynsforskrifta § 4-1 er oppfylte.

Seniorrådgjevar Åshild Kise, seniorrådgjevar Claudia Lingscheid og seniorrådgjevar Philipp Emanuel Friedrich har vore NOKUT sine saksarbeidarar for tilsynet. NOKUT ynskjer å takke den sakkunnige komiteen for vel utført arbeid. Vi vil også takke alle tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda som har medverka i tilsynet.

Oslo, 21. april 2022

Kristin Vinje, direktør

Abstract

Since 2003, Norwegian higher education institutions are subject to an external review of their quality work every six to eight years, conducted by the Norwegian Agency for Quality Assurance in Education (NOKUT) and in compliance with the European Standards and Guidelines 2015 (ESG). A successful completion of such a review of the quality work, based on the Act relating to universities and university colleges as well as the Ministerial Quality Assurance Regulations and NOKUT's Academic Supervision Regulations, is a prerequisite for the institutions to continue their operations.

The reviews are carried out by expert committees appointed by NOKUT and are based upon comprehensive documentation submitted by the respective institutions on the strategy, setup and implementation of their internal quality assurance systems and quality work. An examination of the documentation is followed by an on-campus site visit with interviews of key actors from the institution, such as heads of the institution and its various departments, relevant faculty members, administrative staff, and students. In 2020, due to the COVID-19 pandemic, all site visits were replaced by digital meetings across two to three days.

Volda University College (VUC) offers study programmes at bachelor's and master's level within the humanities and social sciences. VUC has a long tradition for studies in education and has a special emphasis on social and cultural studies, studies in media and journalism and studies in public planning and leadership. VUC collaborates with Molde University College on a Ph.D. degree in health and social sciences. The college has 4 500 students and 351 full-time employees consisting of both academic and administrative staff.

In 2020, VUC underwent an external periodic review for the third time. The expert committee found the internal quality assurance system to facilitate that quality in the educations offered at VUC is ensured and continuously improved. It provides an efficient basis for strategic development of the study portfolio. Student contribution plays an important role in all quality work, as exemplified in student quality-teams assigned to each study programme, and a strong culture for student-centred informal quality work. The expert committee concluded that VUC's systematic quality work had minor deficiencies, such as non-compliance with § 2-1 (2) of the Ministerial Quality Assurance Regulations. VUC was asked to document the conduction of at least one periodical evaluation within six months. In 2022, the expert committee concluded that VUC's quality assurance system fulfils each of the legal requirements. VUC proved to have further developed their routines for periodical evaluations. The expert committee acknowledges that the quality system was enhanced with routines that facilitate a systematic processing of evaluation-results.

The expert committee concludes their review with some final suggestions for further improvement of VUC's systematic quality work. The quality system could be operated more efficiently and systematically if specific sources and quality indicators were assigned to each of the college's quality areas. Also, VUC should implement routines for evaluation of online studies and studies containing supervised professional training. Finally, VUC should consider a more systematic cooperation with society and public and private partners.

Innehald

1 Om tilsynet ved Høgskulen i Volda (HVO)	6
2 Om HVO og organiseringa av kvalitetsarbeidet.....	7
2.1 Om Høgskulen i Volda	7
2.2 Organisering av kvalitetsarbeidet	9
3 Om vurdering av ny dokumentasjon for oppretting av manglar	12
4 Vurderingar og konklusjonar for dei enkelte krava	13
4.1 Universitets- og høgskulelova	13
4.2 Studiekvalitetsforskrifta	18
4.3 Studietilsynsforskrifta	22
5 Komiteen sin overordna konklusjon	36
6 Vedlegg til komiteen si innstilling til NOKUT	38
7 HVO si fråsegn til innstillinga	39

1 Om tilsynet ved Høgskulen i Volda (HVO)

Høgskulen i Volda vart 14. oktober 2019 beden om å sende inn dokumentasjon på korleis kvalitetsarbeidet oppfyller gjeldande krav i lov og forskrifter. I tillegg til dokumentasjon på kvalitetsarbeidet på institusjonsnivå bad NOKUT Høgskulen i Volda om å sende inn dokumentasjon på kvalitetsarbeidet ved følgjande studietilbod:

- bachelor i musikk
- bachelor i journalistikk (spesialisering avis/nett)
- master i kulturmøte
- ph.d. i helse- og sosialfag: profesjonsutøving – vilkår og utvikling (fellesgrad med Høgskolen i Molde)

Høgskulen i Volda sende inn dokumentasjon 31. januar 2020. Studentparlamentet ved høgskulen sende inn studentfråsegn 30. januar 2020.

NOKUT og den sakkunnige komiteen planla eit institusjonsbesøk til Volda i april 2020, men grunna koronapandemien med stenging og reiserestriksjonar blei alle tilsynsbesøk i regi av NOKUT utsett til hausten 2020.

Den 11. august 2020 fekk Høgskulen i Volda (samtidig med Høgskolen i Molde, Høgskolen i Østfold, Samisk høgskole og Høgskolen Kristiania) brev frå NOKUT med ny framdriftsplan og informasjon om at institusjonsbesøket/intervjua skulle gå føre seg digitalt. Sidan tilsynet drog ut i tid, fekk institusjonane høve til å supplere den allereie innsende dokumentasjonen med ny dokumentasjon som institusjonane meinte ville bidra til å opplyse saka. Høgskulen i Volda sende inn ny dokumentasjon 10. september 2020. I tillegg sende høgskulen inn supplerande dokumentasjon 29. oktober, på førespurnad frå komiteen.

NOKUT gjennomførte institusjonsbesøket digitalt 2.–4. november 2020. Den sakkunnige komiteen intervjuar då representantar for styret ved høgskulen, den øvste leiinga og dekanar. Komiteen intervjuar studentparlamentet og parlamentet sitt arbeidsutval, ein student frå kvart av dei utvalde studieprogramma samt to studentar frå studieprogramma sine kvalitetsutval og emneansvarlege og studieprogramansvarlege frå dei utvalde studieprogramma. Vidare intervjuar komiteen ph.d.-studentar frå fellesgraden med Høgskolen i Molde og representantar frå doktorgradsutvalet. Komiteen intervjuar òg representantar for studieadministrasjonen, utdanningsutvalet, LMU og internasjonalt utval.

Vurderingane i tilsynsrapporten er baserte på dokumentasjon frå institusjonen, intervjuar under det digitale institusjonsbesøket, supplerande dokumentasjon og ny dokumentasjon på oppretting av manglar. Oversikta over den skriftlege dokumentasjonen er tilgjengeleg i elnnsyn – offentleg elektronisk postjournal.

2 Om HVO og organiseringa av kvalitetsarbeidet

2.1 Om Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda (HVO) blei etablert i 1994, då Møre og Romsdal distriktshøgskule og Volda lærarhøgskule som ein del av høgskulereforma blei slått saman til éin institusjon. Historia til HVO byggjer på ein lang fagtradisjon innan humaniora og samfunnsvitskap, og spesielt innan lærarutdanning. Volda lærarhøgskule blei etablert i 1895. Forløparen for denne var Høiere Almueskole, etablert i 1861.

HVO tilbyr fag- og profesjonsutdanningar på bachelor- og mastergradsnivå innan humanistiske og samfunnsvitskaplege fag, med særleg vekt på lærarutdanning, sosialfag, medie- og kulturfag og samfunnsplanlegging og leiing. HVO samarbeider dessutan med Høgskolen i Molde om programmet *ph.d. i helse- og sosialfag: profesjonsutøving – vilkår og utvikling*.


Høgskulen i Volda er organisert i fire avdelingar med ein felles administrasjon:

- Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL)
- Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH)
- Avdeling for kulturfag (AKF)
- Avdeling for mediefag (AMF)

HVO si leiing består av vald rektor, ein prorektor, høgskuledirektør og studiedirektør, i tillegg til fire tilsette dekanar som leier kvar si avdeling. Fleire avdelingar har i tillegg prodekan(ar) og ein administrativ leiar (kontorsjef eller seniorrådgivar). Alle studieprogramma er leia av ein studieprogramansvarleg eller studieleiar.

Høgskulestyret er HVO sitt øvste avgjerdsorgan. Styret har fire eksterne medlemmar som er oppnemnd av Kunnskapsdepartementet, tre medlemmar som er tilsette i undervisnings- og forskarstillingar, eitt medlem som er tilsett i teknisk-administrativ stilling, og to studentmedlemmar. Den valde rektoren er også leiar for høgskulestyret.

Organisasjonskart



Kjelde: Høgskulen i Volda, Årsrapport 2019–2020, Del II, s. 8. Sidan august 2020 er Kate Kartveit dekan ved AMF.

HVO sin studieportefølje består av (tal frå hausten 2019):

- eitt ph.d.-program i helse- og sosialfag: profesjonsutøving – vilkår og utvikling (fellesgrad med Høgskolen i Molde)
- åtte masterutdanningar
- nitten bachelorutdanningar, derav ein bachelorgrad som nettstudium
- tolv årseiningar

Med omlag 4 500 studentar (derav 1 200 nettstudentar) og 351 årsverk tilsette (derav 237 vitskaplege årsverk) i 2019 er HVO den største utdanningsinstitusjonen mellom Bergen og Trondheim. Samanlikna med andre høgskular har Høgskulen i Volda mange deltids- og nettstudentar og ein stor del studentar som tar vidareutdanning.

Høgskulen i Volda og NOKUT

Høgskulen i Volda har fullmakt til sjølv å akkreditere studiar på bachelorgradsnivå, men må søkje NOKUT om akkreditering av studiar på master- og ph.d.-nivå. Høgskulen har fram til hausten 2019 fått akkreditert følgjande studietilbod av NOKUT:

- mastergradsstudium i kulturmøte (120 studiepoeng, 2006)
- mastergradsstudium i helse- og sosialfagleg arbeid – meistring og myndiggjering (120 studiepoeng, 2006)
- mastergradsstudium i undervisning og læring (120 studiepoeng, 2003)
- mastergradsstudium i dokumentar og journalistikk (120 studiepoeng, 2012)
- Master in Media Practices (120 studiepoeng, 2017)

- grunnskulelærerutdanning for 1.–7. trinn (300 studiepoeng, 2017)
- grunnskulelærerutdanning for 5.–10. trinn (300 studiepoeng, 2017)
- erfaringsbasert master i undervisning og læring, fordjuping i norsk, matematikk, samfunnsfag eller engelsk (90 studiepoeng, 2019)

I 2014 fekk Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde akkreditert ein felles ph.d.-grad i helse- og sosialfag, og dei to institusjonane fekk då også fullmakt til å opprette fellesgradar innan helse- og sosialfag på masternivå.

NOKUT har tidlegare gjennomført to evalueringar av system for kvalitetssikring ved Høgskulen i Volda, i 2005 og 2011. Institusjonen fekk sitt system for kvalitetssikring godkjent i begge høva.

2.2 Organisering av kvalitetsarbeidet

Kvalitetssystemet

Høgskulen i Volda sitt system for kvalitetssikring blei godkjent av styret 26. april 2018 og revidert 12. september 2019. I kvalitetssystemet inngår mål, handlingsplanar, årshjul, styring, roller og ansvarsfordeling. I tillegg gjer systemet greie for åtte kvalitetsområde som viktige delar av høgskulen sitt kvalitetsarbeid.

Høgskulen skriv at kvalitetssystemet skal bidra til å løyse kvalitetsutfordringar og stimulere til utvikling av utdanningskvalitet ved institusjonen. Kvalitetssystemet dekkjer alle studietilboda på bachelor- og mastergradsnivå samt etter- og vidareutdanningstilbod. Ph.d.-programmet i helse- og sosialfag er ei fellesgrad og følgjer kvalitetssystemet til Høgskolen i Molde.

Informasjon blir innhenta og samanfatta på emne-, program-, avdelings- og institusjonsnivå.

Kvalitetsarbeidet er bygd opp rundt vurdering og oppfølging av åtte kvalitetsområde:

1. kvalitet på rekruttering, informasjon og studentmottak
2. rammekvalitet
3. programkvalitet
4. undervisningskvalitet
5. resultatkvalitet
6. relevanskvalitet
7. tilsettkompetanse
8. leiingskvalitet

Kvalitetsområda dekkjer heile læringsløpet frå studiestart til fullført grad. Den overordna «Handlingsplan for kvalitet i utdanningane ved Høgskulen i Volda – 2019-2021» viser mål og tiltak for dei åtte kvalitetsområda med tilhøyrande roller og ansvarsfordeling.

Høgskulens kvalitetssystem inneheld detaljerte handlingsplanar for bestemte satsingsområde: handlingsplan for internasjonalisering, handlingsplan for inkluderande

læringsmiljø, handlingsplan for å auke gjennomstrøyming på mastergradar og ein digitaliseringsstrategi med utkast til ein handlingsplan for digitalisering.

Høgskulen skriv at informasjonen som systemet bringer fram, vert behandla av høgskulen sine utval, råd og styrer:

- utdanningsutval
- læringsmiljøutval
- forskingsutval
- internasjonalt utval
- arbeidsmiljøutval
- studiestartutval
- avdelingsråd (på avdelingsnivå)
- kvalitetsutval (på studieprogram- og emnenivå)
- doktorgradsutval for ph.d. i helse- og sosialfag (på studieprogramnivå)
- høgskulestyre

Høgskulen i Volda har ein stor del internasjonale studentar og eit høgt tal på studentar som drar på utveksling, samanlikna med andre høgskular. For å vareta internasjonalisering på institusjonsnivå har høgskulen ein eigen handlingsplan for internasjonalisering, eit internasjonalt kontor og eit internasjonalt utval som blir leia av prorektor. I tillegg har kvar avdeling ein internasjonal koordinator som følgjer opp internasjonaliseringa på avdelingsnivå.

Sidan eitt av kvalitetsområda er «kvalitet på rekruttering, informasjon og studentmottak», har høgskulen også ein eigen plan for studiestart og studentmottak. Eit eige studiestartutval har ansvaret for planlegging, evaluering og oppfølging av studiestart.

Ansvar og oppgåver

Høgskulestyret har det overordna ansvaret for kvalitetssikringssystemet og for utvikling av utdanningane og studieporteføljen.

Rektoratet har det overordna ansvaret for den daglege drifta av kvalitetssystemet. Rektor er leiar for forskingsutvalet, og prorektor er leiar av utdanningsutvalet.

Utdanningsutvalet har ansvaret for å sette i verk og vidareutvikle kvalitetsarbeidet og leverer årsrapport for studiekvalitet til styret. Høgskuledirektøren er ansvarleg for implementering og vedlikehald av kvalitetssystemet, og for kvaliteten i dei administrative tenestene knytt til studiekvalitet.

Studiedirektøren skal i samarbeid med avdelingane sette i gang intern evaluering av studietilbod, og er ansvarleg for samanstilling av statistikkar og analysegrunnlag for avdelingane sine årlege rapportar. Studiedirektøren har også ansvar for kvalitetsarbeidet knytt til dei studieadministrative støttetene.

Det studienære kvalitetsarbeidet

Høgskulen skriv at det studienære kvalitetsarbeidet for studieprogramma på bachelor- og mastergradsnivå baserer seg på interne kjelder, som skriftlege emne- og

studieprogramevalueringar og evalueringar frå kvalitetsutvala, eksterne kjelder som Kandidatundersøkelsen, Studiebarometeret, Studentenes helse- og trivselsundersøkelse (SHoT), ulike eigne undersøkingar i samband med studiestart, praksis, progresjon og gjennomstrøyming, inntakskvalitet og resultat kvalitet, og i tillegg relevante data frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH).

Vidare følgjer det av dokumentasjonen at høgskulen skal evaluere alle emne kvar gong dei går. Evalueringa skjer skriftleg i slutten av kvart semester. Kvalitetsutvalet på emne- eller programnivå skal møtast ein gong i semesteret og bidra til ein midtvegsevaluering av emnet. Referat frå kvalitetsutvalet skal drøftast med emneansvarleg og sendast til dekanen. Resultata frå emneevalueringane og referatet frå kvalitetsutvalet blir samla i ein emnerapport, drøfta med studentane og fagmiljøet og publisert i Canvas. Emnerapporten kan også bli lagt fram i kvalitetsutvalet på studieprogramnivå.

På bakgrunn av emnerapportane utarbeider studieleiarar/programansvarlege kvalitetsrapportar for kvart enkelt studieprogram. Desse studieprogramrapportane dannar grunnlaget for avdelingane sine årlege studiekvalitetsrapportar, som blir behandla i avdelingsråda. Det er dekanane som har ansvaret for utforming av avdelingsrapportane. Avdelingsrapportane blir behandla i utdanningsutvalet (UU) og inngår i høgskulen sin årlege kvalitetsrapport til styret. Vidare dannar resultat frå studiestartundersøkinga og Studiebarometeret, saman med statistiske data frå eigne undersøkingar og DBH, kjeldegrunnlaget for årsrapporten. Rapporten blir endeleg godkjend av styret og inngår i styret sitt strategiske arbeid med studiekvalitet og utvikling av høgskulen sin studieportefølje.

Ph.d.-programmet blir kvalitetssikra gjennom midtvegsevalueringar, medarbeidarsamtalar med stipendiatane og evalueringar av enkeltemne. Metodeforum for høgskulenes kandidatar, rettleiarar og forskargrupper har møte to gonger i året og er arenaen for midtvegsevalueringar og prøvedisputasar. Doktorgradsutvalet (DU) er sett saman av tre representantar frå både Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde, og leiinga av utvalet går på omgang. Også doktorgradsstipendiatane har ein vald representant i utvalet. Styra ved begge institusjonane deler det overordna ansvaret for ph.d.-programmet. DU utarbeider ein årleg rapport om studiekvaliteten i programmet som blir behandla av avdelingane og inngår i kvalitetsrapportane ved begge høgskulane. Også sakspapir og møteprotokollar frå DU blir sendt til leiinga ved begge institusjonane.

3 Om vurdering av ny dokumentasjon for oppretting av manglar

I 2021 vurderte den sakkunnige komiteen at HVO hadde enkelte manglar i det systematiske kvalitetsarbeidet. Manglane gjaldt krava i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2). Vedtak vart fatta i NOKUT sitt styre 22. april 2021, og HVO fekk frist til 31. desember 2021 for å sende inn dokumentasjon på oppretting.

Alt i februar 2021 – før vedtaket vart fatta – kunne HVO dokumentere at høgskulen hadde gjennomført periodisk evaluering for eit masterprogram, to bachelorprogram og to årsstudium. Saman med fråsegna til den sakkunnige innstillinga sende høgskulen inn dokumentasjon på vedtak frå Utdanningsutvalet sitt møte 8. mars 2021, som gjeld behandlinga av dei fire evalueringsrapportane. Det viste seg likevel at periodisk evaluering i alle desse døma vart gjennomførte etter høgskulens gamle rutinar og dermed ikkje oppfylte kravet i forskrifta om deltaking av representantar frå arbeids- eller samfunnsliv i evalueringa. Komiteen konstaterte derfor at høgskulen ikkje kunne leggje fram dokumentasjon på at institusjonen hadde gjennomført periodiske evalueringar i samsvar med krava i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2).

Den 21. desember 2021 sende høgskulen inn dokumentasjon på oppretting av dei manglane komiteen peikte på i den opphavlege rapporten.

4 Vurderingar og konklusjonar for dei enkelte krava

4.1 Universitets- og høgskulelova

Kvalitetssikring

§ 1-6 Universiteter og høyskoler skal ha et tilfredsstillende internt system for kvalitetssikring som skal sikre og videreutvikle kvaliteten i utdanningen. Studentevalueringer skal inngå i systemet for kvalitetssikring.

Vurdering

Kvalitetssystemet

Sidan det gjekk kort tid mellom implementeringa av det reviderte kvalitetssystemet og NOKUT sitt tilsyn, er ikkje alle prosessane og rapportane som kvalitetssystemet skal produsere, like godt dokumenterte.

Komiteen meiner at systemet har klare retningslinjer og viser ein tydeleg rolle- og ansvarsfordeling. Kvalitetssystemet skildrar både rutinar og tiltak på emne-, program- og porteføljenivå og rapporteringslinjer og informasjonsflyt i kvalitetsarbeidet. Systemet er supplert av eit malverk for evalueringar og rapportar. Dermed definerer systemet klare rammer for høgskulen sitt systematiske arbeid med kontroll, utvikling og forbetring av undervisning og studietilbod. Komiteen finn det positivt at systemet er lett tilgjengeleg for studentar og tilsette på høgskulens nettsider, og meiner det er skrive på ein pedagogisk og lett forståeleg måte.

Som nemnt i kapittel 2.2 inngår ph.d.-programmet i kvalitetssystemet til Høgskolen i Molde. Komiteen meiner at ansvarsfordelinga er tydeleg, og at kvalitetssikringa av ph.d.-programmet fungerer hensiktsmessig. Under intervju fekk komiteen også inntrykk av at ph.d.-kandidatane meinte at saker dei melder inn, blir følgde opp.

Dei åtte kvalitetsområda som Høgskulen i Volda sitt kvalitetssystem baserer seg på, blir følgde opp av handlingsplanar for bestemte satsingsområda som skildrar mål, tiltak, ansvar og tidsfristar. Komiteen tilrår at handlingsplanane for kvalitet i utdanningane ved Høgskulen i Volda gir tydelegare rammer for systematisk operasjonisering av kvalitetsområda, ved at høgskulen i større grad knyter konkrete kvantitative og kvalitative mål til dei åtte kvalitetsområda. Det ville også gjere rapporteringa mellom avdelingane meir samanliknbar. I dag kan ein berre finne igjen kvalitetsområda i rapporteringa på avdelings- og institusjonsnivå.

Den store fridomen i operasjoniseringa av kvalitetssystemet fører til at det ligg mykje ansvar på emne- og studieprogramnivå. Den innsende dokumentasjonen viser at avdelingane nyttar malverket for evaluering og rapportering i ulik grad. Desse problemstillingane kjem vi nærare tilbake til under § 4-1 (4).

Høgskulen i Volda hentar inn informasjon frå ulike kjelder og har omfattande bruk av studentevalueringar. Systemet fangar opp avvik, og ansvarlege personar tar tak og rettar opp i avvika. Komiteen har merka seg at det også skjer ein del uformelt kvalitetsarbeid ved høgskulen. Veggen mellom studentar og tilsette er kort, slik at utfordringar ofte blir retta opp før dei blir fanga opp av kvalitetssystemet. Det meiner komiteen er positivt. Likevel ser komiteen at det kan bli utfordrande å sikre systematikken i kvalitetsarbeidet når tilbakemeldingane og oppfølginga i mindre grad blir dokumenterte.

Komiteen saknar felles rutineskildringar for evaluering av nettundervisning og praksis. Kvalitetssystemet legg ansvaret for å finne eigna tiltak for å evaluere og vidareutvikle kvaliteten i både nettstudium og praksis til studieleiarar/programansvarlege og emneansvarlege. Komiteen meiner at utan tydelege rutinar blir kvaliteten i evalueringane svært avhengig av initiativet til enkeltpersonar. Når evaluering og oppfølging blir dokumentert i varierende form og kvalitet, slik tilfellet er ved Høgskulen i Volda, risikerer ein å miste moglegheita for systematisk å kunne samanlikne data på tvers av program og avdelingar. Viktig historikk knytt til både utfordringar og oppfølging med tiltak kan forsvinne, og ein kan miste oversikta over potensielle samanhengar mellom resultat og tilbakemeldingar frå kvalitetsarbeidet som kan utløyse tiltak på tvers av programmer, avdelingar og institusjonen. Komiteen meiner høgskulen bør forme kvalitetssystemet slik at det legg til rette for ei systematisk evaluering for nettstudiar og praksis på tvers av avdelingane.

Studentevalueringar

Studentrepresentantar sit i råd og utval på alle nivå. Studentane sine innspel blir fanga opp gjennom ei rekkje interne og nasjonale evalueringar. Under intervju fekk komiteen stadfesta inntrykket av at studentane sine perspektiv blir tekne godt hand om ved høgskulen. Det kom også fram at studentane sine bidrag spelar ei viktig rolle i kvalitetsarbeidet. Det følgjer av kvalitetssystemet at studentevalueringar av studieprogramma skal gå føre seg på emne- og studieprogramnivå. Komiteen slår fast at systemet inneheld ei rekkje retningslinjer og malar for studentevalueringar.

Kvalitetsutvala står fram som eit sentralt element i kvalitetssystemet, der studentane kan ta opp saker på program- og emnenivå undervegs i semesteret. Sidan kvalitetssystemet legg opp til emneevalueringar i slutten av semesteret, er det kvalitetsutvala som gjennomfører midtvegsevalueringar. Slik kan kvalitetsutvala rette opp i utfordringar direkte. Det betyr at systemet ikkje legg til rette for midtvegsevalueringar i kortare studieprogram, der kvalitetsutval ikkje er obligatorisk. Hovudansvaret for å initiere ei form for midtvegsevaluering ligg dermed på emneansvarleg og studentane. Komiteen tilrår at Høgskulen i Volda inkluderer ei form for obligatorisk midtvegsevaluering for alle emne i sine rutinar for kvalitetsarbeid.

Kvalitetssystemet definerer ikkje tydeleg på kva nivå kvalitetsutvala høyrer heime. Samtalane under institusjonsbesøket viste at plasseringa av kvalitetsutvala varierer både i og mellom avdelingane. Komiteen observerte ei viss forvirring hos tilsette og studentar om kva nivå kvalitetsutvala skal ligge på, og korleis saker blir handsama vidare derfrå. Komiteen

tilrår at kvalitetsutvala får ei tydeleg og lik plassering i systemet på tvers av avdelingar, og at høgskulen tydeleg skildrar organiseringa og rapporteringslinjer, for å kunne utnytte potensialet i kvalitetsutvala fullt ut.

Sjølv om komiteen viser til enkelte punkt der kvalitetssystemet kan bli betre, meiner vi at systemet er eigna til å sikre og vidareutvikle kvaliteten i utdanningane ved Høgskulen i Volda på ein tilfredsstillande måte.

Konklusjon

Krava i universitets- og høgskulelova § 1-6 er oppfylte.

Læringsmiljø

§ 4-3 (4) Institusjonens arbeid med læringsmiljøet skal dokumenteres og inngå som en del av institusjonens interne system for kvalitetssikring etter § 1-6.

Vurdering

I kvalitetssystemet er Høgskulen i Volda sitt arbeid med læringsmiljøet omtalt under tre kvalitetsområde. Desse kvalitetsområda er «kvalitet på rekruttering, informasjon og studentmottak», «undervisningskvalitet», der systemet skal stimulere til eit «inkluderande og innovativt læringsmiljø», og «rammekvalitet», som omfattar mellom anna infrastruktur og studentane sitt psykososiale læringsmiljø.

Størrelsen på institusjonen og korte avstandar mellom studentar og tilsette er ein faktor som naturleg påverkar læringsmiljøarbeidet ved høgskulen. Komiteen støttar høgskulens haldning om at det skal vere lett for studentar og tilsette å ta kontakt med kvarandre, og at mykje uformelt læringsmiljøarbeid bidrar til at utfordringar blir løyst raskt. Det er tydeleg for komiteen at Høgskulen i Volda tar studentane sine tilbakemeldingar på alvor.

Komiteen noterer seg at Høgskulen i Volda systematisk arbeider med å leggje til rette for at nye studentar skal oppleve ei rask integrering og ein vellykka studiestart. Høgskulen har eit studiestartutval og eit fadderstyre som utarbeider ein tiltaksplan i forkant av studiestart. Under studiestart gjennomfører høgskulen ein ROS-analyse. Studiestart blir evaluert jamleg. Under intervju kom det fram at studentane ved høgskulen blir tekne godt imot ved studiestart.

Det er også tydeleg for komiteen at Høgskulen i Volda legg stor vekt på det psykososiale læringsmiljøet. I dokumentasjonen viser høgskulen til eksempel der det er utarbeidd tiltak som oppfølging av SHoT-undersøkinga. I tillegg har Høgskulen i Volda ei «Sei ifrå»-ordning, som komiteen meiner verkar velorganisert. Meldingane går direkte til studiedirektør, driftssjef og studentombod, slik at saker kjem fram til rette vedkommande. Komiteen merkar seg at avviksmeldingar med personsensitive opplysningar blir kanalisert til ein uavhengig person knytt til studentsamskipnaden. Komiteen sitt inntrykk etter institusjonsbesøket er at dette systemet er lite brukt, men at uformelle kanalar og «open dør»-politikk også her bidrar til å sikre at uheldige forhold blir retta opp.

Høgskulen i Volda har ei eiga nettside om studentvelferd med ulike velferdstilbod. Under intervju blei det tydeleg at ansvarlege for dei ulike velferdstilboda presenterer seg og sine tilbod ved studiestart, og at dei elles er godt synlege på campus. Komiteen fekk inntrykk av at mange studentar vender seg direkte til denne gruppa, slik at saker ofte blir tekne opp direkte med gruppa før dei blir fanga opp i andre kanalar.

Komiteen har merka seg at evaluering av læringsmiljø inngår i mal for emne- og studieprogramevaluering og i alle større evalueringar av opptak, semesterstart og eksamen. Dette bekreftar etter komiteens oppfatning at høgskulen legg stor vekt på arbeidet med læringsmiljø, og at evaluering av læringsmiljø er ein integrert del av kvalitetsarbeidet.

Læringsmiljøutvalet

Læringsmiljøutvalet (LMU) si rolle er definert i «Handlingsplan for kvalitet i utdanningane ved Høgskulen i Volda 2019–2021», og LMU blir omtala som eit rådgivande organ i særleg to av dei åtte definerte kvalitetsområda i høgskulen sitt kvalitetssystem, nemleg «rammekvalitet» og «undervisningskvalitet». LMU har eigne retningslinjer med ansvars- og rutineskildringar. Retningslinjene legg vekt på psykisk helse. LMU har ansvaret for å implementere høgskulen sin «Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø 2016–2020».

I samsvar med universitets- og høgskulelova er LMU sett saman av fire studentrepresentantar, ein representant frå driftspersonalet, ein representant frå studieadministrasjonen, ein representant frå det vitenskaplege personalet og ein representant frå rektoratet. Leiinga av utvalet alternerer mellom studentar og tilsette ved høgskulen.

LMU er eit sentralt utval, men er i direkte kontakt med avdelingane gjennom jamlege dialogmøte med dekan, kontorsjef og studenttillitsvalde. Kvart år står to av dei fire avdelingane i fokus. Møta følgjer ein agenda med faste spørsmål som dei studenttillitsvalde skal ta opp med si klasse i forkant av møta. Agendaen omfattar også oppfølging av resultatata frå førre dialogmøte med avdelinga. Resultata frå desse møta inngår i årsrapporten frå LMU, som blir lagt fram for høgskulestyret.

Komiteen har eit klart inntrykk av at LMU er sikra reell medverknad ved Høgskulen i Volda. Samtidig verkar det som om opplæringa av nye studentrepresentantar er noko mangelfull og bør gå føre seg meir systematisk enn tilfellet er i dag. Under intervjuet med studentar utan tillitsverv kom det fram at dei i liten grad kjenner til LMU.

Komiteen meiner at høgskulen legg vel til rette for eit godt læringsmiljø, og at institusjonen systematisk arbeider med dei ulike satsingsområda og tiltaka som er skildra over. Komiteen rår høgskulen til å systematisere opplæringa av studentrepresentantane i LMU og til å gjere LMU meir kjent blant studentane.

Konklusjon

Krava i universitets- og høgskulelova § 4-3 (4) er oppfylte.

4.2 Studiekvalitetsforskrifta

Krav til systematisk kvalitetsarbeid – periodiske evalueringar

§ 2-1 (2) Institusjonene skal gjennomføre periodiske evalueringer av studietilbudene sine. Representantar fra arbeids- eller samfunnsliv, studenter og eksterne sakkyndige som er relevante for studietilbudet, skal bidra i evalueringene. Evalueringresultatene skal være offentlige.

Vurdering

Komiteen konstaterer at Høgskulen i Volda har hatt ordningar for eksterne evalueringar av studieprogram over lengre tid, også før kravet om periodisk evaluering blei innført i studiekvalitetsforskrifta i 2017. Ordninga er skildra i høgskulen sitt kvalitetssystem frå 2013, og høgskulen har lagt ved aktuelle utdrag frå systemet i dokumentasjonen. Vedlagt finn komiteen også eit dokument frå 2018 som viser kva moment som skal inngå i ei ekstern evaluering av studieprogram, «Moment til evaluering av studieprogram – haust 2018».

Ifølgje utdraget frå 2013 skal studieprogram på 60 studiepoeng eller meir gjennom ekstern evaluering. Evalueringa skal bestå av ei studentevaluering, ei fagfelle vurdering og ei eigenevaluering.

Det følgjer av «Moment til evaluering av studieprogram – haust 2018» at ei studieprogramevaluering skal innehalde både kandidatundersøkingar, studentevaluering og ekstern evaluering. Evalueringa skal ha vurderingar av den strategiske betydninga, etterspørselen og den faglege og økonomiske berekrafta til studieprogrammet.

Strategisk studienemnd (i dag utdanningsutvalet) skal peike ut studieprogram for ekstern evaluering. Nemnda fastset også tema for evalueringa. Komiteen kan ikkje sjå av dokumentasjonen at det er ordningar for jamlege evalueringar av det enkelte studieprogram etter dette systemet.

Ifølgje det nemnde utdraget frå kvalitetssystemet skal studieprogram som ikkje er gjenstand for ekstern evaluering, gjennom ei enklare form for intern evaluering som er bygd på emneevalueringar, sensorrapportar og eventuelle supplerande evalueringselement initiert av fagmiljøet. Alle studieprogramevalueringar blir sett i samanheng, og desse skal vere gjenstand for årleg rapportering tilbake til strategisk studienemnd.

Høgskulen i Volda har lagt ved eit eksempel på ei ekstern studieprogramevaluering frå perioden 2018–2019. Eksempelet viser ei evaluering av studieprogrammet *master i samfunnsplanlegging og leiing* som blei behandla i utdanningsutvalet ved høgskulen hausten 2019. Dokumentasjonen viser til ein søknad om NOKUT-akkreditering der den sakkunnige komiteen (oppnemnt av NOKUT) som handsama søknaden, ikkje har inkludert representantar frå arbeids- og samfunnsliv. Søknaden om akkreditering blei i tillegg avslått av NOKUT. Komiteen vurderer ikkje dette som dokumentasjon på periodisk evaluering i samsvar med studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2).

Komiteen ser at ein kombinasjon av ekstern evaluering av utvalde studieprogram og ein enklare intern evaluering, bygd på emneevalueringar, sensorrapportar og eventuelle supplerande evalueringselement, kan gi grunnlag for kvalitetsforbetring og -utvikling av studieporteføljen. Likevel kan ikkje komiteen sjå at det skisserte evalueringsregimet har ordningar som gir grunnlag for å seie at Høgskulen i Volda har gjennomført ei systematisk periodisk evaluering av alle studieprogram. Det følgjer av studiekvalitetsforskrifta at kravet til gjennomføring av systematiske periodiske evalueringar gjeld alle studietilbod, også etter- og vidareutdanningar og emne på under 60 studiepoeng som ikkje inngår i programstudium.

Ved revisjonen av kvalitetssystemet i september 2019 innførte Høgskulen i Volda periodisk studieprogramevaluering. Det følgjer av dokumentet «Periodisk studieprogramevaluering» at alle studieprogram ved høgskulen skal gjennom ei periodisk studieprogramevaluering i løpet av ein seksårsperiode, og at utdanningsutvalet skal vedta ein rulleringsplan for tre år av gongen. Malen for evalueringsrapporten for den periodiske studieprogramevalueringa viser at følgjande grupper skal bidra i evalueringa: internt fagmiljø, studentar, eksterne fagfellar og minst ein representant frå arbeids- og samfunnsliv. I tillegg skal rapporten innehalde ei kandidatundersøking og bygge på relevant datagrunnlag.

Høgskulen skriv i dokumentasjon innsend i januar 2020 at det førebels ikkje er gjennomført periodiske studieprogramevalueringar etter den nye malen, men at dette er under arbeid i studieåret 2019-2020. Høgskulen skriv i februar 2021 at det er gjennomført periodisk evaluering for eit mastergradsstudium, to bachelorgradsstudium og to årsstudium. Rapportane frå desse evalueringane skal handsamast i Utdanningsutvalet så snart som råd.

I september 2020 sende høgskulen inn «Rulleringsplan periodisk studieprogramevaluering». Planen blei vedteken i utdanningsutvalet i august 2020 og gjeld for perioden 2021–2026. Det følgjer av planen at alle gradsstudium og årsstudium skal gjennom periodisk evaluering i løpet av seksårsperioden 2021–2026. Komiteen kan ikkje sjå at planen også gjeld studietilbod under 60 studiepoeng, og komiteen rår høgskulen til å utvikle ordningar som også omfattar slike tilbod.

Studiekvalitetsforskrifta har hatt krav til gjennomføring av periodiske evalueringar sidan februar 2017. Komiteen konstaterer at Høgskulen i Volda ikkje kan leggje fram dokumentasjon på at institusjonen har gjennomført slike periodiske evalueringar. Komiteen meiner at høgskulen må dokumentere gjennomføring av periodiske evalueringar med endelege vedtak frå Utdanningsutvalet.

Høgskulen viser til at det er gjennomført periodisk evaluering av ph.d. -programmet i helse- og sosialfag. Denne evalueringa er gjennomført i samsvar med kvalitetssikringssystemet til Høgskolen i Molde, og kan ikkje vurderast som eksempel på høgskulens eigne rutinar for periodiske evalueringar.

Konklusjon

Krava i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) er ikkje oppfylte.

Manglar som må rettast opp

Høgskulen i Volda må leggje fram dokumentasjon med endeleg vedtak i Utdanningsutvalet på at høgskulen har gjennomført periodiske evalueringar i samsvar med studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2).

Ny vurdering etter oppretting

Den 21. desember 2021 sende HVO inn dokumentasjon på høgskulen sitt vidare arbeid med § 2-1 (2) og dessutan døme på gjennomførte periodiske evalueringar for 2021.

Dokumentasjonen viser at HVO sidan den førre vurderinga til komiteen har jobba systematisk med vidareutvikling av prosessane sine rundt periodisk evaluering. Komiteen ser at Utdanningsutvalet vedtok ei rekkje endringar i evalueringsrutinane i løpet av 2021.

Ifølgje retningslinjene i kvalitetssystemet skal alle studieprogram gjennom ei periodisk evaluering i løpet av ein seksårsperiode, og det er Utdanningsutvalet som skal vedta rulleringsplanen, som gjeld for seks år om gangen. I 2021 fekk høgskulen råd om å utvikle ei hensiktsmessig ordning for å gjennomføre systematiske periodiske evalueringar for alle studietilbod, også for studietilbod på mindre enn 60 studiepoeng. Komiteen har merka seg at rulleringsplanen for perioden 2021–2027, som fastlegg evalueringstidspunkt for høgskulens ulike studietilbod, vart justert i mai 2021, slik at planen no òg inkluderer studietilbod på under 60 studiepoeng. For å sikre ein hensiktsmessig evalueringsprosess skal årsstudium som inngår i større studieprogram frå og med studieåret 2022–2023 evaluerast i samanheng med det overordna studieprogrammet.

Ifølgje kvalitetssystemet er det programansvarleg som har ansvar for å utforme evalueringsrapporten. Rapporten skal innehalde resultat frå fagmiljøets interne evaluering, ei evaluering av noverande studentar, ei kandidatundersøking og dessutan anna data som er relevant for programmet. I tillegg skal rapporten byggje på resultat frå ei evaluering gjennomført av ein ekstern komité, som skal bestå av to fagfellar med høvesvis minimum førstekompetanse og minimum lektorkompetanse og ein representant frå arbeids- eller samfunnsliv. I desember 2021 vedtok Utdanningsutvalet at den eksterne komiteen framover i tillegg skal ha med to studentar frå studietilbodet.

Når det gjeld denne endringa i samansetninga til den eksterne komiteen, så anerkjenner dei sakkunnige at HVO har nytta seg av erfaringane frå dei periodiske evalueringane som vart gjennomførte i 2021. Høgskulen opplevde problem med å få perspektivet til studentane tilstrekkeleg representert i evalueringane, sidan studentane viste låg interesse for å delta i studentundersøkinga og i oppsummeringsseminaret i samanheng med evalueringa. Dei sakkunnige meiner det er positivt at studentar blir tekne med i den eksterne komiteen, men oppmodar likevel HVO til å auke motivasjonen til studentane for å bidra i kvalitetsarbeidet, til dømes ved å betre informasjonsflyten rundt oppfølginga av evalueringar, som nemnt andre stader i rapporten.

Evalueringsrapporten er offentleg så snart han er handsama i Utdanningsutvalet, som fattar vedtak etter eit trafikklyssystem: Ved grønt lys er studietilbodet godkjent, ved oransje lys har tilbodet manglar som må rettast opp innan ein gitt frist, ved raudt lys oppfyller

programmet ikkje krav i gjeldande forskrift og vert lagt ned. Periodisk evaluering fungerer dermed òg som høgskulen sin rutine for intern reakkreditering av studietilbod.

I denne samanhengen har dei sakkunnige merka seg at ein gjennomgang av krav til studietilbod (§ 2-2) og fagmiljø (§ 2-3) i studietilsynsforskrifta er del av den interne faglege vurderinga. Komiteen meiner at HVO bør vurdere fordelene med eit heilskapleg eksternt blikk på studietilbodet, ved å la gjennomgangen inngå i mandatet til den eksterne komiteen.

HVO har sendt inn seks døme på periodiske evalueringar som vart gjennomførte i 2021:

- bachelor i språk og litteratur
- norsk årsstudium
- norsk nettstudium
- engelsk årsstudium
- engelsk nettstudium
- matkultur og helse (mat, kosthald og helse (30 studiepoeng) og mat, kultur og konservering (30 studiepoeng) er sette under eitt som matkultur og helse)

Komiteen ser at evalueringsrapportane viser grundige vurderingar og munnar ut i tiltaksplanar med ansvarsfordeling og tidsfristar.

Utdanningsutvalet godkjente fire av evalueringane, og desse fire studietilboda vart dermed reakkreditert. For *bachelor i språk og litteratur* og *matkultur og helse* vart det konstatert låg rekruttering, og sakene vart returnerte til avdelingane for ei grundig vurdering av konsekvensane av det låge studenttalet over tid og utarbeiding av ein plan for korleis studenttalet skulle aukast.

Komiteen gir høgskulen ros for at kvalitetssystemet no legg til rette for ei formålstenleg rapportering på oppfølging av periodisk evaluering. I februar 2021 vedtok Utdanningsutvalet at oppfølginga av tiltak etter ei periodisk evaluering skal inngå som eige avsnitt i malen for avdelingsrapporten, og at framdrifta skal rapporterast året etter evalueringa. Komiteen meiner at dette er viktige tiltak for å kunne følgje utviklinga av kvaliteten i studietilboda over tid.

Ny konklusjon etter oppretting

Krava i studietilsynsforskrifta § 2-1 (2) er oppfylte.

4.3 Studietilsynsforskrifta

Strategi og kvalitetsområde

§ 4-1 (1) Institusjonens kvalitetsarbeid skal være forankret i en strategi og dekke alle vesentlige områder av betydning for kvaliteten på studentenes læringsutbytte.

Vurdering

Høgskulen i Volda sitt kvalitetsarbeid er forankra i kvalitetssystemet, i høgskulen sin strategiplan for 2017–2020 og i rapporteringskrav og utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet (KD). På grunnlag av strategiplanen har høgskulen utarbeidd detaljerte planar og mål for verksemda for kvart år, og handlingsplanar for utvalde område. Den siste i rekkja er «Handlingsplan for kvalitet i utdanningane ved Høgskulen i Volda 2019–2020».

Komiteen ser på dokumentet «Kvalitetssystemet for Høgskulen i Volda» som navet i kvalitetsarbeidet ved høgskulen. Systemskildringa gjer tydeleg greie for visjon og mål for kvalitetsarbeidet, årshjul og roller, og ansvarsfordeling i styringa av institusjonen sitt kvalitetsarbeid er skildra på ein lettfattelig måte. Det går fram av skildringa av kvalitetssystemet at systemet skal bidra til å verkeleggjere høgskulen sin visjon, som er «kunnskap for framtida».

Høgskulen har åtte kvalitetsområde som skal utgjere strukturen i kvalitetssystemet, jf. kapittel 2.2 og 3.1 i denne rapporten. Komiteen meiner at kvalitetsområda samla sett dekkjer vesentlege område av betydning for studentane sitt læringsutbytte, og at kvalitetsområda følgjer høgskulen si rapporteringskjede. Komiteen vil likevel peike på at alle kvalitetsområda ikkje er synlege i rapportane høgskulen har sendt til NOKUT. Dette gjeld kvalitetsområda «undervisningskvalitet», «leiingskvalitet» og «tilsettekompetanse». Slik komiteen ser det, legg malverket som inngår i det reviderte kvalitetssystemet av 2019, betre til rette for rapportering på høgskulens kvalitetsområde på avdelingsnivå. Komiteen kan likevel ikkje sjå at det blir rapportert på «relevanskvalitet» i kvalitetsrapportene på program-, avdelings- eller institusjonsnivå. Komiteen ser derimot at det blir rapportert på «relevanskvalitet» i den årlege saka til styret om studieporteføljen for kommande studieår.

Perioden for «Strategiplan for Høgskulen i Volda 2017–2020» går mot slutten. Det kom fram under institusjonsbesøket og samtalen med representantar frå styret at arbeidet med ny strategiprosess for kommande fireårsperiode er i oppstartsfasen. Representantane frå styret uttalte mellom anna at diskusjonar om relevans, dimensjonering og studieportefølje er sentrale element så langt i denne prosessen.

Eit anna sentralt, strategisk dokument som viser forankring av kvalitetsarbeidet, er institusjonen sin utviklingsavtale med KD. Utviklingsavtalen byggjer på høgskulen sin strategiplan for 2017–2020 og angir fire hovudmål for utviklingsarbeidet ved høgskulen. Hovudmåla er 1) utvikling av ny grunnskolelærerutdanning, 2) styrking av høgskulen si yrkesretta medieutdanning, 3) ferdigheiter for framtida («future skills») og 4) utvikling og

rekruttering av toppkompetanse. Komiteen meiner at kvalitetsarbeidet ved høgskulen heng godt saman med utviklingsavtalen, og ein kan finne igjen måla i utviklingsavtalen både i kvalitetssystemet og i gjeldande strategiplan. Komiteen føreset at samanhengen mellom utviklingsavtalen og kvalitetssystemet vil bli ytterlegare styrka i arbeidet med den kommande strategiplanen.

Komiteen merkar seg at den gjeldande strategien mellom anna legg vekt på verdien av nærleik mellom studentar, fagmiljø og leiing, og under institusjonsbesøket blei det uformelle kvalitetsarbeidet framheva som eit viktig element i kvalitetssikringa av utdanningane ved Høgskulen i Volda. Det kom også fram at kvalitetssikringsarbeidet blir gjennomført på ulike måtar ved dei fire avdelingane. Sjå også vurderinga under § 4-1 (2).

Konklusjon

Krava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (1) er oppfylte.

Forankring og kvalitetskultur

§ 4-1 (2) Kvalitetsarbeidet skal være forankret i institusjonens styre og ledelse på alle nivåer. Institusjonen skal gjennom kvalitetsarbeidet bidra til å fremme en kvalitetskultur blant ansatte og studenter.

Vurdering

Forankring

Kvalitetssystemet til Høgskulen i Volda inneheld ei tydeleg oversikt over den formelle ansvarsfordelinga i kvalitetsarbeidet. Komiteen har sett skildringar av ansvar og roller for studentar, emne- og programansvarlege, dekan, råd og utval, ansvarleg leiing og høgskulestyret.

Skildringa av systemet viser at det er styret som har det overordna ansvaret for kvalitetsarbeidet ved institusjonen, som handsamar dei årlege rapportane for studiekvalitet, og som vedtar høgskulens studieportefølje.

Årsrapporten for studiekvalitet skal gi ei samla oversikt over evaluering av studiekvaliteten ved institusjonen og eit overblikk over tiltak i kvalitetsarbeidet. Rapporten er eit resultat av den tidlegare omtalte rapporteringskjeda. I årsrapporten inngår også den årlege studiekvalitetsrapporten for felles ph.d. i helse- og sosialfag med Høgskolen i Molde, som blir utarbeidd av doktorgradsutvalet.

Komiteen merker seg som positivt at høgskulens årlege kvalitetsrapport, etter revideringa av kvalitetssystemet i 2019, blir lagt fram for styret i oktobermøtet. Dette inneber at styret får høve til å følgje opp kvalitetsarbeidet knytt til behov for endringar i studieporteføljen og til å vurdere moglege konsekvensar for budsjett og årsplanar for kommande år. Under institusjonsbesøket fortalde representantar for styret at styret legg stor vekt på kvalitetsarbeidet ved institusjonen, og at dei opplever at styret i større grad enn tidlegare er tett på utviklinga og bruken av kvalitetssystemet. Representantane uttrykte i det same intervjuet eit behov for at styret får ein meir analyseorientert kvalitetsrapport i framtida.

Styret handsamar årleg resultat og oppfølging av Studiebarometeret og årsrapporten frå LMU. Representantane for styret viste under institusjonsbesøket til at styret si rolle er blitt tydelegare i diskusjonen om negative resultat frå Studiebarometeret og oppfølginga av desse resultatane. Styret har ved to høve handsama resultat og oppfølging av Studiebarometeret. Styret viser til at det har bedt om ei utgreiing om studiar som kjem dårleg ut i Studiebarometeret.

Komiteen ser positivt på at styret i aukande grad er involvert i diskusjonen om kvalitetsarbeidet ved institusjonen, og vil understreke den viktige rolla styret har i å bidra til at kvalitetsarbeidet er systematisk og hensiktsmessig innretta. Komiteen vil understreke at det uformelle innslaget i kvalitetsarbeidet som komiteen har omtalt tidlegare i denne tilsynsrapporten, ikkje må stå i vegen for systematisk rapportering av tilstrekkelege og samanliknbare grunnlagsdata som kan sikre at styret årleg blir oppdatert om kvaliteten i utdanningane på tvers av studieprogram og avdelingar ved institusjonen.

Kvalitetsarbeidet er godt forankra i høgskuleleiinga. Slik det er vist i systemskildringa, synest det for komiteen som om den øvste leiinga har ei tydeleg og hensiktsmessig fordeling av ansvar i kvalitetsarbeidet. Det kom fram under institusjonsbesøket at høgskuleleiinga kvar veke deltar i møte med dekanane, der mellom anna studiekvalitet og liknande er tema. Komiteen fekk også høyre at sjølv om institusjonen er liten og oversiktleg og har ei stabil leiing og stabile fagmiljø, kan leiinga si oversikt over kvalitetsarbeidet på avdelingane bli endå betre gjennom større grad av straumlinjeforming av kvalitetsarbeidet.

Kvalitetsarbeidet er også forankra i dei andre leiingsstrukturane ved institusjonen. Både dekanar og studieprogramansvarlege har tydelege mandat for sine roller og oppgåver i kvalitetsystemet. Det same gjeld emneansvarlege. Komiteen registrerer at emneansvarlege har eit tydeleg mandat med ansvar for planlegging, koordinering, evaluering og kvalitetsutvikling på emnenivå, og at dei skal bidra i programevalueringane. Komiteen ser også at dei emneansvarlege utøver si rolle noko ulikt, særleg ved at kvalitetsutval og emneevalueringar blir organiserte på ulike måtar internt i og på tvers av avdelingane.

Kvalitetskultur

Høgskulen peiker i dokumentasjonen på at det arbeidet som skjer i dekanmøte og i utdanningsutvalet, er viktige pådrivarar i kvalitetsarbeidet og bidrar til å spreie ein kvalitetskultur på tvers i institusjonen. Under intervjuet fann ikkje komiteen like tydelege uttrykk for ein slik felles kvalitetskultur lengre ut i organisasjonen, for eksempel på studieprogramleiar- og emneansvarlegnivå. Sjå også skildringa i kapittel 3.1 om arbeidet i kvalitetsutvala ved avdelingane.

I dokumentasjonen er studentmedverknad omtalt som ein sentral del ved alt kvalitetsarbeid ved høgskulen. Det er studentrepresentantar i alle sentrale råd og utval og i alle styra ved avdelingane. Studentparlamentet samarbeider tett med høgskulen si leiing og har kvar månad møte med leiinga og studentsamskipnaden. Studentparlamentet kallar inn til møta og bidrar dermed til å sette agenda for møta. I dokumentasjonen blir samarbeidet mellom høgskuleleiinga, studieadministrasjonen og leiande tillitsvalde skildra som tett og konstruktivt, og studentane viser til at dei har gode moglegheiter for medverknad på institusjonsnivået.

Det kjem også fram av dokumentasjonen at kunnskapen om innhaldet i og bruken av kvalitetsystemet er mindre på avdelingsnivået, og at både fagmiljøa og studentane kan vere noko usikre på organiseringa av kvalitetsarbeidet ved høgskulen. Det bidrar til at kvalitetskulturen ikkje er like synleg blant fagmiljøa og studentane på avdelingsnivå. Det kom for eksempel fram under institusjonsbesøket at studentane i varierende grad nytta tilbodet om utdanningsamtale. Det kom også fram at det kunne vere vanskeleg for studentane å få nødvendig informasjon om tillitsvalde frå administrasjonen, og at dette då kunne hindre studentane sin medverknad på avdelings- og studieprogramnivå. Komiteen merker seg at Studentparlamentet i si fråsegn viser til at parlamentet i samarbeid med høgskulen driv opplæring av dei tillitsvalde, og at det er utarbeidd ei handbok for

tillitsvalde. Komiteen meiner at «Tillitsvaldhandboka» gir ei god innføring i dei tillitsvalde sine arbeidsoppgåver.

Dokumentasjonen viser at det likevel synest å vere utfordrande for den enkelte student å følgje heile kvalitetssløyfa. Studentane deltar i kvalitetsutvaldsmøte og i dialogmøte med emneansvarlege, men har vanskeleg for å følgje med på korleis meldingar om eventuelle avvik og forslag til kvalitetsforbetringar blir handtert høgare opp i systemet, og kvar og når resultata blir gjort kjende for studentane. Dette blei bekrefta på institusjonsbesøket under intervju med både studenttillitsvalde og andre studentar. Komiteen meiner at høgskulen bør leggje betre til rette for at sentral informasjon tidleg blir formidla til studentane.

Komiteen vil peike på at høgskulen ser ut til å basere seg mykje på det relasjonelle og uformelle og mindre på det systematiske og formelle kvalitetsarbeidet, og at dette særleg gjeld på avdelingsnivået. Komiteen konstaterer at høgskulen både i dokumentasjonen og under institusjonsbesøket viser til at eit kompakt høgskuleområde gir korte avstandar og tette band mellom fagmiljø og studentar. Etter komiteen si vurdering kan slike tette band og uformelle kontaktpunkt medføre ein risiko for at manglar og avvik ikkje blir fanga opp av institusjonen. Eit relasjonsbasert og uformelt kvalitetsarbeid kan lett bli avhengig av dyktige og engasjerte enkeltpersonar blant både fagmiljø og studentar.

Komiteen tilrår at høgskulen på ein hensiktsmessig måte styrkjer den sentrale og systematiske forankringa av kvalitetsarbeidet for å bidra til å fremme ein felles kvalitetskultur i heile institusjonen.

Avslutningsvis vil komiteen trekkje fram at høgskulen også arbeider for å fremme kvalitetskultur gjennom tiltak som «Pris for kvalitet i utdanninga». Prisen skal stimulere fagmiljøa til å vere opptatt av og arbeide systematisk med å vidareutvikle kvaliteten i utdanningane. Styret ved høgskulen vedtok i juni 2019 ordninga «Merittering av utdanningsfagleg kompetanse». Eit anna tiltak i kvalitetsarbeidet er kompetansehevingsprosjektet «Digital kompetanse i grunnskulelærerutdanninga (DigiGLU)». I samband med dette prosjektet er det oppretta eit samlingspunkt kalla «Læringsverkstaden». Dette er ein møteplass for fagmiljø og studentar for å arbeide med digitale prosjekt, som tilbyr ei rekkje kurs for å heve den digitale kompetansen ved institusjonen. I denne samanhengen vil komiteen også nemne Digital lunsj for fagmiljøet, der undervisningskvalitet og -utvikling er tema. Ph.d-programmet har Metodeforum, som omfattar alle ph.d.-kandidatar og rettleiarar knytt til programmet. Forumet er ei sentral satsing og består mellom anna av faglege innlegg, praktiske øvingar og sosiale arrangement.

Konklusjon

Krava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (2) er oppfylte.

Ordningar for systematisk kontroll

§ 4-1 (3) Institusjonen skal ha ordningar for systematisk å kontrollere at alle studietilbud tilfredsstillar kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-4 og kapittel 2 i denne forskrift.

Vurdering

Høgskulen i Volda viser til ulike ordningar for å kontrollere at alle studietilboda er i samsvar med aktuelt regelverk. Desse ordningane er akkreditering av nye studietilbud, revidering av eksisterande studietilbud, ekstern evaluering av studietilbud og periodiske evalueringar. Komiteen meiner at høgskulen fint kan gjere nytte av ulike ordningar for å imøtekomme kravet til internkontroll, men ordningane må henge godt saman og sikre alle studietilboda. Vidare er det viktig at dei ulike ordningane omfattar alle krava høgskulen er pålagt å kontrollere.

Akkreditering av nye studietilbud

Høgskulestyret har det overordna ansvaret for oppfølging av studiekvalitet. Styret godkjenner studieprogram og emne på meir enn 60 studiepoeng og har delegert godkjenning av studieprogram og emne på inntil 60 studiepoeng til rektoratet.

Det følgjer av «Retningsline for studieprogram og emnestruktur» av april 2019 at søknadar om å utvikle emne eller studieprogram til og med 60 studiepoeng blir sendt frå dekan til studiedirektør, som sørger for at saka blir lagt fram for utdanningsutvalet. Dersom søknaden blir godkjend i utvalet, blir det utvikla emne- og studieplanar, som for alle emne frå og med 15 studiepoeng skal vurderast av to eksterne fagfellar frå to ulike institusjonar. Rektoratet godkjenner eventuell etablering. Søknad om å utvikle emne eller studieprogram over 60 studiepoeng skal sendast vidare til styret for behandling og eventuell godkjenning av etablering. Dersom det skal gjerast så store endringar i eit studieprogram at det står fram som nytt, skal saka til ny intern akkreditering. Retningslinjer og rutinar for oppretting av nye studietilbud inneheld krav til saksgang og ansvarsforhold i prosessen. I tillegg inneheld dei krav til at innhaldet i studieprogrammet skal følgje studietilsynsforskrifta § 2-2, og til at det fagmiljøet som skal vere knytt til programmet, skal følgje studietilsynsforskrifta § 2-3. Det er utarbeidd malar for emne- og studieplanar. I tillegg har høgskulen ein mal for søknad om oppstart av nye gradsgivande studium.

Komiteen har i dokumentasjonen sett eksempel på søknad om oppretting av nye studieprogram på over 60 studiepoeng der høgskulen har sjølvakkrediteringsfullmakt: styresak 20/19 Godkjenning av bachelorgrad i historie, nettbasert og styresak 30/19 Søknad om godkjenning av felles mastergrad i helseleing. Komiteen meiner at Høgskulen i Volda har gode retningslinjer, rutinar og malverk for akkreditering av nye studietilbud. Slik komiteen ser det, er det positivt at høgskulen nyttar eksterne fagfellevurderingar ved etablering av nye emne frå eit omfang av 15 studiepoeng.

Revidering av eksisterande studietilbod

Høgskulen i Volda har fleire ordningar for å sikre at akkrediterte studietilbod blir drivne i tråd med krava i studietilsynsforskrifta. Komiteen anerkjenner at ph.d.-programmet i helse- og sosialfag inngår i rulleringsplanen for evaluering av studieprogram ved Høgskolen i Molde, og at programmet sist blei internevaluert hausten 2019.

Komiteen merker seg at høgskulen gjennomfører to revisjonar av emne- og studieplanar per studieår, der resultatane frå kvalitetsarbeidet blir innarbeidde i planane for kommande periode. Ifølgje «Prosjektplan for revisjon av studie- og emneplanar ved HVO» skal det vere ein hovudrevisjon og ein midtvegsrevisjon i høvesvis vår- og haustsemesteret. Begge revisjonane blir registrerte i Emweb. Roller og arbeidsflyt for arbeidet er vist i dokumentet «Ansvars- og rolleavklaring i Emweb». Denne prosessen sikrar at innhald i emne- og studieplanar er gjenstand for ein systematisk kontroll, men fagmiljøet knytt til studieprogramma blir så vidt komiteen forstår, ikkje vurdert i denne samanhengen. Høgskulen har lagt fram nokre eksempel på korleis høgskulen sikrar oversikt over kompetansen i fagmiljøa knytt til dei enkelte studieprogramma.

Komiteen ser at høgskulen gjennom den tidlegare beskrivne rapporteringslinja frå emnerapportar, via studieprogramrapportar, avdelingsrapportar og fram til studiekvalitetsrapporten til styret årleg evaluerer emne og studieprogram. Høgskulen har i dokumentasjonen lagt fram ei rekkje retningslinjer og malar som vert nytta i evaluerings- og rapporteringsprosessane.

Når desse retningslinjene og malane blir følgde, inneber det etter komiteen si meining at studieprogramma ved høgskulen blir gjenstand for systematisk vurdering av om dei er i samsvar med krav i studietilsynsforskrifta. Før den siste revideringa av kvalitetssystemet i september 2019 inngjekk så vidt komiteen kan sjå, ikkje kontroll av fagmiljø i rapporteringa på verken studieprogram- eller avdelingsnivå. Komiteen ser at i dei nye malane er dette endra, slik at det einskilde studieprogram skal vurderast systematisk opp mot krava i studiekvalitets- og studietilsynsforskrifta. I «Årsrapport for studiekvalitet 2019–2020» og i tilsvarande avdelingsrapportar er det eksempel på at høgskulen følgjer malane, og at systematisk kontroll av fagmiljøet inngår i den årlege rapporteringssløyfa.

Intervjua under institusjonsbesøket viste at avdelingane då nytta ulike metodar og verktøy for å halde seg oppdatert på om fagmiljøa knytt til kvart enkelt studieprogram fyller krava i aktuelle forskrifter. Komiteen tilrår at høgskulen implementerer eit ressursstyringssystem som gjer det enkelt å halde oversikt over kompetansen til fagmiljøa både på studieprogramnivå og på avdelingsnivå.

Høgskulen skriv i dokumentasjonen at institusjonen i fleire år har gjennomført ekstern evaluering av studietilbod, der utdanningsutvalet har hatt ansvaret for kvart år å peike ut studieprogram for evaluering. Sjå også omtale av denne ordninga under § 2-1 (2).

Samla sett meiner komiteen at Høgskulen i Volda har ordningar som tilfredsstillar kravet om systematisk kontroll av at studietilboda fyller krava i studiekvalitets- og studietilsynsforskrifta.

Konklusjon

Kravet i studietilsynsforskrifta § 4-1 (3) er oppfylt.

Systematisk innhenting av informasjon

§ 4-1 (4) Institusjonen skal systematisk innhente informasjon fra relevante kilder for å kunne vurdere kvaliteten i alle studietilbud.

Vurdering

Høgskulen i Volda hentar inn informasjon frå ulike kjelder som dannar grunnlag for kunnskap om kvalitet i utdanningane. Relevant talmateriale og statistiske data som inngår i rapporteringa, blir henta frå datakjelder som FS og DBH. I 2017 bestilte Høgskulen i Volda ei ekstern evaluering av studieporteføljen frå NIFU, som grunnlag for arbeidet med høgskulens studieporteføljeutvikling og strategiplan. Høgskulen gjennomfører ei rekkje eigne undersøkingar, som studentevalueringar, kandidatundersøkingar, evaluering av opptak og eksamen og ei årleg studiestartevaluering.

I tråd med den nye malen for periodisk evaluering skal høgskulen hente inn tilbakemeldingar om programkvaliteten i eit studietilbod frå eksterne fagfellar og representantar frå arbeids- eller samfunnsliv kvart sjette år. Program- og resultat kvalitet blir vidare sikra ved fagfellevalueringar i samheng med oppretting av nye studieprogram og jamleg bruk av eksterne sensorar. Komiteen anerkjenner at Høgskulen i Volda er medvitne om at det er viktig å få tilbakemeldingar frå eksterne. Når det gjeld klassiske akademiske studietilbud, er eksterne sensorar likevel ofte den einaste kjelda til ekstern tilbakemelding på utdanningskvaliteten i åra utan periodisk evaluering, noko *master i kulturmøte* er eit døme på. Komiteen ser ein viss fare for at studentevalueringar får for stor vekt i kvalitetsarbeidet, og tilrår at høgskulen jamleg innhentar variert informasjon frå fleire kjelder. Høgskulen bør nytte ei form for tilbakemeldingar frå arbeids- eller samfunnslivet også ved studieprogram utan praksis.

Systematisk innhenting av informasjon

Informasjonen som blir innhenta gjennom kvalitetsarbeidet, skal vere relevant for høgskulen sine åtte kvalitetsområde. Komiteen kan likevel ikkje sjå at innhentinga av informasjon er kopla opp mot dei definerte kvalitetsområda. «Handlingsplan for kvalitet i utdanningane ved Høgskulen i Volda – 2019–2021» viser ansvarsfordeling og tidspunkt for gjennomføring av ulike tiltak for å operasjonalisere kvalitetsområda. Komiteen meiner at høgskulen vil kunne få eit betre kunnskapsgrunnlag om kvaliteten i ulike dimensjonar av utdanninga dersom innhentinga av informasjon blir meir systematisk. Høgskulen bør knyte konkrete kjelder og faste, felles kvalitetsindikatorar til kvart av kvalitetsområda og følgje opp på både kvantitative og kvalitative indikatorar.

Rapporteringa legg til rette for at relevant informasjon blir generert oppover i systemet. I dokumentasjonen har komiteen berre sett eksempel på rapportar på avdelings- og institusjonsnivå som belyser fem av kvalitetsområda etter høgskulen sitt tidlegare

kvalitetssystem. Seks av åtte kvalitetsområde er no innarbeidd i nye malar for rapportering på avdelingsnivå. Komiteen meiner at høgskulen ville tene på å inkludere rapportering av relevanskvalitet i malane på avdelingsnivå. Vidare kan det vere hensiktsmessig å inkludere rapportering på relevante kvalitetsområde også i malen for programrapportane. Komiteen tilrår at studieleiarar og programansvarlege i større grad vurderer kva slags informasjon dei har behov for, og at informasjonen blir kopla opp mot kvalitetsindikatorar og kvalitetsområda.

Dokumentasjonen viser at bruk av malverket i rapporteringa varierer mellom avdelingane. Under institusjonsbesøket blei det tydeleg at dekanane er medvitne om dette og på sikt ønskjer at rapporteringa blir meir samkøyrd. Komiteen sluttar seg til det og meiner at både handlingsplanen og malverket med fordel kunne gi tydelegare føringar for kva kjelder rapporteringa skal basere seg på.

Studentevalueringar

Det er tydeleg at høgskulen ser på studentane sine tilbakemeldingar som ei viktig kjelde for å belyse ramme-, program-, undervisnings- og inntakskvalitet. Høgskulen nyttar aktivt Studiebarometeret og SHoT-undersøkinga for å hente inn informasjon om studentane si tilfredsheit med studieprogram og læringsmiljø. Høgskulen sitt internasjonale utval har også behandla resultat frå DIKU-rapporten om internasjonale studentar i Noreg frå 2019. Andre viktige kjelder er emneevalueringar, kvalitetsutval og utdanningssamtalar.

Evaluering av nettstudium

Kvalitetssystemet gir ingen føringar eller mal for evaluering av nettstudium. Dokumentasjonen og intervju under institusjonsbesøket viser at slike studium jamleg blir evaluert, men at program- og emneansvarlege ved dei ulike studieprogramma har iverksett ulike former for evaluering. Evaluering via eit elektronisk spørjeskjema står fram som det vanlege, men nokre peiker på moglegheita for å gi tilbakemelding undervegs gjennom eit diskusjonsforum i Canvas. Komiteen meiner at den store fridomen i gjennomføringsform kan føre til svært varierende kvalitet på evalueringane, og gjere det vanskeleg å gjennomføre ei systematisk samanlikning av resultat på tvers av program og avdelingar. Komiteen anbefalar derfor å innføre tydelege retningslinjer for evaluering av nettstudium i kvalitetssystemet. Under intervju kom det fram at høgskulen vurderer å bruke kvalitetsutval i det nye nettbaserte bachelorgradsstudiet i historie. Komiteen ser positivt på forslaget og oppfordrar høgskulen til å bruke erfaringane frå dette programmet aktivt i utforminga av felles rutinar for evaluering av nettstudium.

Evaluering av studium som inneheld praksis

Komiteen anerkjenner at høgskulen legg vekt på utdanningane sin relevans for arbeids- og samfunnsliv. Kvalitetssystemet inneheld likevel ikkje retningslinjer for evaluering av praksisstudium, og innhentinga av tilbakemeldingar frå praksisfeltet om fagleg nivå og relevans i utdanningane står ikkje fram som tilstrekkeleg systematisk. Operasjonaliseringa av tiltak for å sikre relevanskvalitet, som er skildra i handlingsplanen, legg opp til stor fridom for innhenting av informasjon frå praksisfeltet og evaluering av praksisperioden. Hovudansvaret ligg på program- og/eller emneansvarleg. Det er tydeleg at avdelingane som

har praksisstudium, er i tett kontakt med yrkesfeltet, og at alle praksisemna jamleg blir evaluert. Dokumentasjonen viser at det er store variasjonar i korleis praksis blir evaluert og kvalitetssikra på tvers av avdelingar og studieprogram.

Medan både grunnskulelærerutdanninga (GLU) og barnehagelærerutdanninga (BLU) på *programnivå* opererer med ei rutinebeskriving for gjennomføring og kvalitetssikring av praksisperioden som er tilgjengeleg på nettsida, ligg ansvaret for kvalitetssikring av praksis i journalistutdanninga på *emneansvarleg*. GLU har klare rutinar som mellom anna inneheld forventningsavtale, oppfølgingsmøte undervegs og evaluering i slutten av praksis både frå studenten og praksisstaden. Ved journalistutdanninga verkar evaluering av praksis i liten grad formalisert, både når det gjeld evaluering frå studenten og frå praksisfeltet. Komiteen kan ikkje sjå at høgskulen har ei systematisk form for midtvegsevaluering av praksis, og tilrår høgskulen å innføre felles rutinar for systematisk midtvegs- og sluttevaluering av praksis i kvalitetssystemet.

Når det gjeld innhenting av informasjon frå yrkesfeltet, så blir relevans i GLU og BLU sikra gjennom jamlege møtepunkt og samarbeid med representantar frå praksisfeltet, og gjennom langsiktige avtalar med både barnehagar og skular. Også journalistutdanninga er knytt til praksisfeltet gjennom bruk av undervisarar og sensorar frå yrkesfeltet. Komiteen anerkjenner den tette kontakten undervisarane i journalistutdanningane har med både studentar og praksisfeltet, og har sett eit eksempel på at relevant informasjon blir innhenta frå yrkesfeltet når eit studietilbod i journalistikk blir utvikla. Dei sakkunnige har merka seg at ansvaret for systematisk innhenting av informasjon frå praksisfeltet i stor grad ligg hos emneansvarleg. Komiteen meiner dette er eit ansvar som burde ligge på program- eller avdelingsnivå og inngå som del av rapporteringa kopla opp mot indikatorar for kvalitet og kvalitetsområda. Som komiteen alt har peikt på, kan høgskulen dra nytte av å inkludere rapportering på relevanskvalitet i malane på avdelingsnivå. Komiteen anbefaler å utvide kvalitetssystemet med felles rutinar for evaluering av praksis og innhenting av informasjon frå praksisfeltet. Høgskulen bør gi tydelege føringar for korleis tilbakemeldingar om kvaliteten i praksis systematisk skal hentast inn frå ulike kjelder, slik at kvalitetsarbeidet kan generere eit kunnskapsgrunnlag for kontinuerleg utvikling av studieprogramma.

Ph.d.-programmet i helse- og sosialfag

For ph.d.-programmet blir relevant informasjon om kvaliteten i utdanninga henta inn gjennom medarbeidersamtalar med dekanar ved dei respektive institusjonane og gjennom midtvegsevalueringar, sluttlesingar og disputasar med eksterne sensorar. Vidare behandlar DU framdrifts- og rettleiingsrapportar og registrerer kandidaten si deltaking på internasjonale konferansar. Alle emne og metodeforum blir evaluert ved gjennomføring. Evalueringane inngår i programrapporten, som blir utarbeidd av doktorgradsutvalet og behandla av styret ved begge høgskulane. Våren 2019 blei det gjennomført ei kandidatundersøking, og programmet blei evaluert for reakkreditering internt i samsvar med kvalitetssystemet ved Høgskolen i Molde hausten 2019.

Samla sett har komiteen tru på at høgskulen innhentar informasjon frå relevante kjelder for å kunne vurdere kvaliteten i alle studietilboda, men komiteen ser rom for forbetring i systematikken.

Konklusjon

Kravet i studietilsynsforskrifta § 4-1 (4) er oppfylt.

Bruk av kunnskap frå kvalitetsarbeidet

§ 4-1 (5) Kunnskap fra kvalitetsarbeidet skal brukes til å utvikle kvaliteten i studietilbudene og avdekke eventuelt sviktende kvalitet. Sviktende kvalitet skal rettes opp innen rimelig tid.

Vurdering

Rapporteringskjeda som går frå det enkelte emne og studieprogram via avdelingsrapportar til den årlege kvalitetsrapporten til styret, skal sikre at kunnskap blir samla og brukt til forbetring av kvaliteten i studieporteføljen ved høgskulen.

Dokumentasjonen viser at utdanningsutvalet utarbeider årsrapporten om studiekvalitet på grunnlag av dei avdelingsvise rapportane, rapportar frå fellesnivået og statistikk frå DBH, FS, brukarundersøkingar og Studiebarometeret. Årsrapporten skal gi ei samla og overordna evaluering av studiekvaliteten ved institusjonen, og ei oversikt over prioriterte forbetringstiltak og allokering av ressursar til dette arbeidet.

Som komiteen var inne på under § 4-1 (2), kom det fram under institusjonsbesøket at styret har etterlyst grundigare analyser i dei årlege studiekvalitetsrapportane. Også høgskulen si leiing uttrykte under intervjuet at det var ønskeleg for kvalitetsutviklinga at avdelingane la meir vekt på analyseperspektivet i dei årlege kvalitetsrapportane. Ei slik tilnærming vil kunne gi eit tydelegare bilede av eventuell sviktende kvalitet og moglege årsaker – og dermed sikre meir målretta forbetringstiltak.

At høgskulen kontinuerleg arbeider med forbetringar, har komiteen sett gjennom følgjande eksempel i dokumentasjonen:

- På bachelor i journalistikk har resultat frå evalueringar ført til at to retningar innan journalistikkutdanninga er slått saman til éi bachelorutdanning. Det er også gjort mindre endringar i undervisningsopplegget for å sikre meir studentaktiv læring.
- På bachelor i musikk viser høgskulen til at tilbakemeldingar frå evalueringar (også emneevalueringar), kvalitetsutval og klassemøte blir tekne tak i, og at det blir gjort endringar. I programrapporten skriv programansvarleg at ein prøver å ta tak i ulike utfordringar raskt og på staden. Det blir vist til at prinsippet om «open dør» sikrar rask respons på innspel frå studentane. Høgskulen trekker også fram samspillsprosjektet SamPro (2015–2019) som eit konkret eksempel på

forbetringstiltak. SamPro samla studentar frå musikkseksjonen med ulike musikksjangrar til felles samspillsaktivitetar. Evalueringane vitnar om at prosjektet var vellukka, men at det òg hadde ein del utfordringar med at det var stort og omfattande.

- Høgskulen har arbeidd mykje med problematikk knytt til låg gjennomstrøyming i masterutdanningane, og det er utarbeidd ein handlingsplan for å bidra til å auke gjennomstrøyminga. I tråd med «Handlingsplan for gjennomstrøyming på mastergradene» har høgskulen lagt om emnet KUM302 Vitskapsteori og metode i master i kultur møte. Omlegginga har ført til at emnet blir tilbudd i vårsemesteret, og at det blir direkte kopla til studentane sitt arbeid med masteroppgåva. Studentane skal samstundes bli tildelt rettleiar for oppgåva i vårsemesteret, og kan såleis komme tidlegare i gang med masteroppgåva.
- For ph.d. i helse- og sosialfag: profesjonsutøving – vilkår og utvikling viser høgskulen til at programmet er nytt, men at det er gjennomført ei rekkje evalueringar. Dokumentasjonen viser eksempel på at tilbakemeldingar gjennom slike evalueringar blir tekne til følge, og at ting blir endra både når det gjeld innhald i pensum, nye informasjonskanalar og bruk av eksterne førelesarar. Eit konkret eksempel gjeld metodeforum, der digitalisering av forumet har gjort det mogleg å gjennomføre både midtvegs vurdering og sluttlesing med alle rettleiarar til stades samtidig. Evaluering av forumet har også bidratt til ei endring i kva informasjon som blir send til bedømningskomiteane før midtvegsevaluering.

Eksempla over viser korleis høgskulen arbeider med å utvikle kvalitet i utdanningane, avdekke større og mindre tilfelle av sviktande kvalitet, og korleis svikt i kvaliteten blir retta opp.

Under institusjonsbesøket blei det også peika på at det i nokre tilfelle tar svært lang tid før ein ser effekten av tiltak som er foreslått. Komiteen konstaterer at det ved behov for større endringar i et studietilbod kan vere utfordrande for noverande studentar å sjå at forbetringar faktisk blir gjennomført. Slike forbetringar vil likevel komme seinare kull til gode. Komiteen ønskjer å framheve at det er viktig å informere studentar om endringar som har skjedd på bakgrunn av resultatane frå kvalitetsarbeidet. Komiteen oppmuntrar høgskulen til å arbeide kontinuerleg med at slik informasjon kjem tidleg, og at den er lett tilgjengeleg for studentane.

Komiteen meiner at det samla evaluerings- og rapporteringsregimet som kjem fram i dei styrande dokumenta i kvalitetssystemet, saman med dokumenterte eksempel på at manglar i utdanningane er avdekkja og retta opp, viser at høgskulen brukar kunnskap frå kvalitetsarbeidet til å utvikle kvaliteten i studietilboda og til å avdekke og rette opp der det er sviktande kvalitet. Komiteen viser elles til vurderingar og anbefalingar omtalt i samband med vurderinga av krava i §§ 4-1 (2), 4-1 (3) og 4-1 (4) i denne rapporten.

Konklusjon

Krava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (5) er oppfylte.

Vurdering og utvikling av institusjonen sin studieportefølje

§ 4-1 (6) Resultater fra kvalitetsarbeidet skal inngå i kunnskapsgrunnlaget ved vurdering og strategisk utvikling av institusjonens samlede studieportefølje.

Vurdering

Det kjem fram av dokumentasjonen at den strategiske utviklinga av studieporteføljen ved Høgskulen i Volda er eit resultat av langsiktige planar og strategiar for høgskulen sin faglege profil. Vidare er utviklingsavtalen, årlege tildelingsbrev og rapporteringskrav frå KD og høgskulen si regionale forankring sentrale element i kunnskapsgrunnlaget ved vurdering og strategisk utvikling av institusjonen sin samla portefølje.

I tillegg spelar resultat og rapportering frå kvalitetsarbeidet ei viktig rolle i studieporteføljeutviklinga frå år til år. Eksempel på at resultat frå kvalitetsarbeidet inngår i kunnskapsgrunnlaget ved vurdering av studieporteføljen, er blant anna at høgskulen på grunn av låg etterspørsel og få studentar over tid innførte nullopptak til bachelor i religion og livssyn i 2020/21. Dette blei gjort mot fagmiljøets vilje.

Årsrapport om kvalitetsarbeidet følgjer studieåret og skal, slik komiteen har forstått dokumentasjonen, frå og med hausten 2019 leggjast fram for styret i oktobermøtet. Slik kan resultatane frå rapporten nyttast i vurderinga av kommande års studieportefølje. Av kvalitetsrapportane, sist frå studieåret 2019/20, ser komiteen at dei årlege rapportane skildrar og vurderer arbeidet innan dei aktuelle definerte kvalitetsområda høgskulen nytta i kvalitetsarbeidet før og etter revidering av kvalitetssystemet. Årsrapportane viser også forslag til moglege forbedringstiltak.

Høgskulen har i nokre år følgd SEFØ-modellen ved vurdering av oppretting av nye studietilbod. Det inneber at høgskulen gjer ei vurdering av følgjande faktorar før det faglege utviklingsarbeidet tek til: strategisk betydning, etterspørsel samt fagleg og økonomisk berekraft. Dokumentasjonen viser til kva kvantitative og kvalitative data frå kvalitetsarbeidet som skal leggjast til grunn i desse vurderingane.

Høgskulen i Volda viser også til at institusjonen som ledd i det langsiktige strategiarbeidet har bedt NIFU om ei evaluering av studieporteføljen. Rapporten, som blei levert i august 2018, har vore gjenstand for eit styreseminar fasilitert av NIFU. Rapporten vil også danne grunnlag for styret sitt arbeid med ny strategiplan for perioden 2020–2024.

På bakgrunn av den samla dokumentasjonen konstaterer komiteen at utdanningsporteføljen til Høgskulen i Volda er stabil og følgjer satsingsområda for høgskulen slik dei er skildra i strategiplanen. Utdanningsporteføljen er også i samsvar med utviklingsavtalen, tildelingsplanen og rapporteringskrava frå KD. Slik komiteen oppfattar det, betyr det i praksis at høgskulen satsar på lærarutdanningar, nynorsk skriftkultur, medieutdanning og nettstudium. I samsvar med nemnde styrande dokument står rekruttering og utvikling av høg kompetanse i fagmiljøa sentralt. Det kom også fram i intervjuet med leiinga at høgskulen framover satsar på utvikling av studieprogram på master- og ph.d.-nivå, som eit tiltak for å styrke fagmiljøet.

Konklusjon

Kravet i studietilsynsforskrifta § 4-1 (6) er oppfylt.

5 Komiteen sin overordna konklusjon

5.1 Opphavleg konklusjon

Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda har enkelte manglar. Følgjande krav er ikkje oppfylte: studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2). Mangelen er av ein slik art at institusjonen må gjennomføre enkle tiltak for at dei sakkunnige skal ha tillit til at institusjonen sitt systematiske kvalitetsarbeid sikrar og vidareutviklar utdanningskvaliteten.

5.2 Manglar som må rettast opp

Høgskulen i Volda har eit kvalitetssystem som legg til rette for at kvalitet i utdanningane blir sikra og utvikla. Komiteen anerkjenner at høgskulen ved den nylege revideringa av kvalitetssystemet i september 2019 har identifisert og retta opp manglar i sine rutinar. Komiteen ser at høgskulen enno ikkje har dokumentert gjennomførte periodiske evalueringar av studietilbod i samsvar med studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2).

Studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) om krav til periodiske evalueringar av studietilbod vart vedteken i 2017, og i 2020–2021 må ein vente at institusjonane kan dokumentere at dei har gjennomført slike evalueringar.

Komiteen noterer at høgskulen kan leggje fram rutine og rulleringsplan for periodisk evaluering, og dei sakkunnige legg til grunn at høgskulen vil gjere god bruk av desse. Komiteen merker seg at høgskulen skriv at det har blitt gjennomført periodisk evaluering for eit mastergradsstudium, to bachelorgradsstudium og to årsstudium, og at rapportane frå desse evalueringane skal behandlast i Utdanningsutvalet så snart som råd.

Høgskulen i Volda må leggje fram dokumentasjon med endeleg vedtak i Utdanningsutvalet på at høgskulen har gjennomført periodiske evalueringar i samsvar med studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2).

5.3 Ny overordna vurdering etter oppretting

I innstillinga som vart utarbeidd i forbindelse med tilsynet med det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda, konkluderte komiteen med at kvalitetsarbeidet ved HVO hadde enkelte manglar. Kvalitetsarbeidet ved høgskulen tilfredsstilte ikkje krava i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2).

HVO vart beden om å dokumentere gjennomføring av periodiske evalueringar etter nye retningslinjer med endelege vedtak i Utdanningsutvalet. Vidare gav komiteen høgskulen råd om å utvikle ei formålstenleg ordning for å gjennomføre systematiske periodiske evalueringar for alle studietilbod, også for tilbod på mindre enn 60 studiepoeng.

I dokumentasjonen HVO sende inn i samanheng med opprettinga 21. desember 2021, ser komiteen at høgskulen har vidareutvikla rutinane for periodisk evaluering, og at også studietilbod på mindre enn 60 studiepoeng inngår i den reviderte rulleringsplanen for periodisk evaluering. Dei vedlagde døma for periodisk evaluering innfrir krava i

studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og dokumenterer at høgskulen nyttar resultat frå periodisk evaluering aktivt inn i kvalitetsarbeidet.

5.4 Ny konklusjon

Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda er tilfredsstillande. Alle krava i universitets- og høgskulelova §§ 1-6 og 4-3 (4), studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og studietilsynsforskrifta § 4-1 er oppfylte. Dei sakkunnige har tillit til at det systematiske kvalitetsarbeidet til institusjonen sikrar og vidareutviklar utdanningskvaliteten.

6 Vedlegg til komiteen si innstilling til NOKUT

Råd til vidare utvikling av det systematiske kvalitetsarbeidet ved institusjonen

I tillegg til å vurdere om kvalitetsarbeidet oppfyller krava i universitets- og høgskulelova §§ 1-6 og 4-3 (4), studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og studietilsynsforskrifta kapittel 4, ligg det i komiteens mandat å gi råd om vidare utvikling av kvalitetsarbeidet ved institusjonen.

Den sakkunnige komiteen vil gi Høgskulen i Volda råd om å

- utforme rutinar som legg til rette for systematisk evaluering for nettstudium og praksis på tvers av avdelingane
- utforme rutinar for systematisk innhenting av tilbakemeldingar om kvaliteten i praksis frå ulike kjelder, slik at høgskulen kan generere eit kunnskapsgrunnlag for kontinuerleg utvikling av studieprogramma
- utforme rutinar for obligatorisk midtvegsevaluering av alle emne, inkludert etablering av felles prosedyrar for korleis resultata skal formidlast til studentane
- sikre at kvalitetsutvala får ei tydeleg og lik plassering på tvers av avdelingane, og gjere organiseringa og rapporteringslinjene for utvala tydelege, for fullt ut å kunne utnytte potensialet i kvalitetsutvala
- systematisere opplæringa av studentrepresentantane i LMU og gjere LMU meir kjent blant studentane
- leggje til rette for at informasjon om korleis evalueringar vart følgde opp, tidleg blir formidla til studentane
- implementere eit ressursstyringsverktøy som gjer det enkelt å halde oversikt over fagmiljøet sin kompetanse både på studieprogramnivå og på avdelingsnivå
- jamleg innhente informasjon frå ulike kjelder og finne ei form for tilbakemelding frå arbeids- eller samfunnsliv også for studieprogram utan praksis
- hente inn informasjon systematisk ved å knyte konkrete, faste og felles kvalitetsindikatorar og kjelder til kvart kvalitetsområde, og ved å følgje opp både kvantitative og kvalitative indikatorar
- inkludere relevanskvalitet i malane på avdelingsnivå og inkludere rapportering på relevante kvalitetsområde også i malen for programrapportering

7 HVO si fråsegn til innstillinga



NOKUT
Postboks 578
1327 LYSAKER

Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Jøplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
	19/00618-48	Merete Rotevatn, Merete.Rotevatn@hivolda.no	16.03.2022

Uttale til sakkunnigrapport frå tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda

Vi viser til innstilling frå sakkunnigkomiteen for NOKUT i samband med tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda, mottatt 21.februar 2022.

Vi takkar komiteen for ein grundig rapport med gode vurderingar og innspel til forbetringar av det systematiske kvalitetsarbeidet ved høgskulen. Forbetringpunkta komiteen framhevar avslutningsvis i rapporten samsvarar godt med punkta vi sjølve har avdekt gjennom tilsynsprosessen, og innspela frå komiteen vil vere svært nyttige for oss i det vidare arbeidet med å sikre god kvalitet i våre studietilbod.

Høgskulen vil også takke sekretariatet i NOKUT for god oppfølging og godt samarbeid gjennom tilsynsprosessen.

Med helsing

Odd Helge Mjøllem Tonheim
Prorektor

Ann-Kristin Emblem
Studiedirektør

Dokumentet er elektronisk signert.



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578,1327 LYSAKER | T: 21 02 18 00 | [NOKUT.NO](https://www.nokut.no)